

Vedtak i Lindås kommunestyre – 06.04.2017

Lindås kommune har følgjande hovudkommentarar til planforslaget til Regional transportplan (RTP) for Hordaland 2018 – 2029, - sjå elles vurderinga i saka:

1. RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane.
2. RTP må i samarbeid med Staten ta på seg ansvar for å framskande utviklinga av ein framtidretta kollektivtransport på fjordsystemet i Bergensområdet.
3. RTP må sterkare definere punktutbetningsopplegget på fylkesvegane for å få til enkle og avgrensa lokale løysingar, for å auka trafikktryggleiken.
4. RTP må sterkare omtale og prioritere eit innfartsparkeringsopplegg som bygger opp under eit framtidig kollektivtilbod til og frå distrikta utanfor kommunesentra.
5. RTP må ta større omsyn til forskjell mellom distrikt og by/tettbygd strøk, til dømes under «overordna mål» kor vekst i persontransport skal skje ved kollektivtrafikk, sykkel og gange i Bergensområdet. Vekst i kommunar med mykje distrikt og lange avstandar vil ikkje kunne skje kun med etablering av gang- og sykkelveg.
6. Strekninga Lunde - Årås på Fv 565 og strekninga Vågseidet - Eikangervåg Fv399 og 396 og 397 må leggjast inn som veg på det overordna fylkesvegnettet i punkt 5.5.2 i RTP, - med bakgrunn i kriteria i punkt 5.5.1. i planprogrammet.
7. Ein mogeleg samlokalisering av E39 og Fv 57 gjennom regionsenteret Knarvik må innarbeidast i planen.
8. Lindås kommune vil ha støtte for å gjera om Fv57 Knarvik - Mongstad til riksveg. Grunngeving er at på denne vegen er det stor trafikk i samband med industrien i Mongstadorrådet.
9. Ein ønskjer å styrke universell tilkomst til kollektivtilbod og helsefremjande samfunnsplanlegging.
10. Viser til Regional Transportplan 2013-2024 – Handlingsprogram 2015-2017, der Tverrsambandet (Sambandet Vest) er omtala. Prosjektet vil gje eit nytt samband mellom Øygarden/Askøy og Nordhordland. Det vil også kunne avlaste Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk. Eit interkommunalt selskap Sambandet Vest AS arbeider for å få realisert prosjektet med bompengar og fylkeskommunale midlar.

I pågåande kommunesamanslåingsprosess mellom Radøy, Meland og Lindås, er dei tre kommunane tildelt midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som skal målrettast mot infrastrukturtiltak som kan binda dei tre kommunane tettare saman.

Ytterligere midlar vert omsøkt, og midlane skal nyttast til planprosessar knytt til Sambandet Vest AS, og då med samanbinding av Radøy og Meland spesielt.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland.

Ein ønskjer difor at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029

Ein ber også fylkeskommunen merka seg at Radøy kommune har fatta positivt vedtak for oppstart av naudsynte planprosessar knytt til samanbinding av Meland og Radøy. Meland kommunestyre har i samband med igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel peika ut Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland som eit av dei prioriterte tiltaka.